



Berit Bruvik  
Hestnesvegen 161  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2980 - 15/20614

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
17.11.2015

## Godkjenning av søknad om fritak frå gjødselplan 2015: GBNR: 29/1 Hestnes

**Administrativt vedtak. Saknr: 411/2015**

### Saksutgreiing:

Berit Bruvik har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Ho har nyleg starta opp att med gamalnorsk sau(villsau) Drifta er 9 vinterfora sauer og 2 hestar, og alle husdyra går i utegangardrift . Det vert difor ikkje noko husdyrgjødsel som skal spreast, og det vert heller ikkje nytta handselsgjødsel på bruket. Det er 16 daa fulldyrka og 37 daa innmarksbeite på bruket.

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Det vert i dag ikkje brukt gjødsel på bruket. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar og stort nok areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

## Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.12.2020 for gnr. 29, bnr. 1, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakere:

Berit Bruvik

Hestnesvegen 161 5918

FREKHAUG